



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
18/201148-2

Dykkar referanse:  
18/1874

Vår dato:  
25.09.2018

### Svar på søknad om dispensasjon for frådeling av to einebustadtomter – Gnr. 15 bnr. 6 – Hopland – Meland kommune

Vi viser til Dykkar brev av 11.09.2018 der De ber om uttale til søknad om frådeling av to einebustadtomter frå eigedomen gnr. 15, bnr. 6 på Hopland i Meland kommune.

Området der det vert søkt om frådeling av to bustadtomter er i kommuneplanen sin arealdel vist som LNF-spreidd bustad på Hopland (SB-2). Det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel, jf plan- og bygningslova § 19-2 for dei to einebustadtomtene.

Det var tidlegare søkt om frådeling av tre tomter, men søknaden er no redusert til to.

Det gjeld rekkjefølgjekrav om etablering av planskilt kryssing på Holme før igangsetjing av byggearbeid innanfor området som er vist som LNF-spreidd bustadområde, men ikkje frådeling jf føresegn 1.5.6 til KPA.

Bygging av planskilt kryssing på Holme skal starte opp i 2019 og ein føreset at tiltaket er teke i bruk i løpet av 2019. Det er ein føresetnad at det ikkje kan gjevast løyve til igangsetjing av byggearbeid før planfri kryssing på Holme er fullført og teke i bruk.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve dispensasjon for frådeling av to einebustadtomter frå eigedomen gnr. 15, bnr. 6 slik det er søkt om.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Kopi**

**Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN**